

Då Prøysen kom til Musikklaget.

13.01.2015



Ivrige kornettistar i øving: Per Myklebust, Svein A. Sunde, Einar Gjertsen, Leif Matre og Bjørgulf Eik.

Uskedal musikklag er godt i gang med vårsesongen. I kveld hadde dei si andre øving, og den vart i hovudsak nytt til utprøving av nytt repertoar. Sjølv om Prøysen-året er slutt, er visene til denne kunstnaren alltid like aktuelle, og musikklaget kjem til å ha eit solid innslag av desse på spelelista i vår.

Korpset kjem i tillegg til å ha variert og publikumsvennleg musikk på programmet. Gledeleg er det å melde at mulighetene for meir variasjon no vert betre. Etter at korpset i ein del år har mått klara seg utan slagverkar, er det svært kjekt at dykige og rutinerte Kjell Borge Olsen no har sluttat seg til gruppa. Dette set vi stor pris på.

Korpset er no ein stødig gjeng på 12-13 musikarar som møter på øving kvar tirsdag kl.20 - 21.30. Stemningen er svært god på øvingane, men vi har alltid eit håp om å verta fleire. Det er berre å ta kontakt med ein av musikarane, eller ein kan møte i skulen på tirsdag i øvingstida. Nivået er behageleg, men vi har det veldig kjekt!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.